

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 07.04.2017  
**SAKSHANDSAMAR:** Vidar Vie  
**SAKA GJELD:** **Risikostyring - styringsmål 2017 for Helse Førde HF**

**ARKIVSAK:** 2016/4774  
**STYRESAK:** **028/2017**

**STYREMØTE:** **28.04.2017**

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret er orientert om dei fire regionale styringsmåla gjeldande for helseføretaka i Helse Vest RHF
2. Styret sluttar seg til det lokale styringsmålet med delmål for Helse Førde HF 2017

## Oppsummering

Saka gjeld Helse Førde sine styringsmål for 2017. I tråd med regionale retningslinjer har Helse Vest RHF sitt styre og Helse Førde HF si øvste leiing samla fremja fem styringsmål med delmål som, saman med styringsdokumentet 2017, utgjer overordna målsetjingar for Helse Førde HF sitt arbeid i 2017.

## Fakta

Helse Vest RHF har i styresak av 07.12.2016 vedtatt fire overordna styringsmål gjeldande for alle helseføretak i regionen (sjå tabell styringsmål 1 – 4).

Styringsmål 1 er ei vidareføring frå 2015/2016, då dette er ein langsiktig strategi som framleis har høg prioritet.

Styringsmål 2 er basert på krav og føringar gitt gjennom oppdragsdokument og ei vidareføring frå 2016, men supplert med ein tilføyning om uønskt variasjon.

Styringsmål 3 er og ei vidareføring frå 2016, og definert med basis i styret i Helse Vest sitt ønskje om eit felles mål knytt til tryggleik for tilsette.

Styringsmål 4 tek utgangspunkt i at målet om «den gylne regel» samla sett ikkje fullt ut er innfridd, verken på føretaksnivå eller i regionen. Målet blir difor følgt opp vidare i 2017, der rusbehandling og psykisk helsevern kvar for seg skal ha ein årleg vekst som er høgare enn vanleg sjukehusbehandling.

Med bakgrunn i viktige innsatsområde, føringar og gjeldande risikosituasjon ønskjer Helse Førde å ha eitt lokalt styringsmål som bidreg til å setje naudsynt fokus på programarbeidet med å utvikle pasientens helseteneste og Nye Førde sjukehus.

Etter metode for risikostyring er ikkje styringsmåla uttømmmande mål, men fokusområde for arbeidet til Helse Førde i 2017. Måla må sjåast i samanheng med andre overordna føringar, strategiar, planverk mv. for helsetenesta, og implementerast som ein del av det heilskaplege kvalitetsarbeidet i føretaket.

## Kommentarar

Helseføretaket utfører risikovurdering og identifisering av tiltak og ansvar under kvart styringsområde når styringsmål med delmål er fastsett. Denne prosessen er i gang, og første rapportering skal skje etter første tertial.

## **Konklusjon**

Helse Førde HF sine framlagde styringsmål gjev eit godt grunnlag for å følgje opp dei viktigaste fokusområda i 2017.

Vedlegg:                      Styringsmål 2017 for Helse Førde HF

Regionale (R) og lokale (L) risikostyringsmål	
Styringsmål	Delmål
1R	<p>Talet på skadar som kan unngåast i helsetenesta i Helse Vest skal halverast innan 2018.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Program for pasienttryggleik i Helse Vest 2013-2018 er godt forankra i linja og i resten av organisasjonen.</li> <li>2. Tiltak i programmet blir innarbeida i linja så snart dei blir overleverte frå prosjekt.</li> </ol>
2R	<p>Ventetider for diagnostikk og behandling i Helse Vest skal reduserast.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Faglege retningslinjer og standardiserte pasientforløp er implementert (ref. m.a. pakkeforløp kreft).</li> <li>2. Arbeid om variasjon i mellom anna ventetid og kvalitet, der målet er å lære av dei einingane som gjer det best i landet, er starta opp.</li> <li>3. Tiltak i programmet «Alle møter» er implementert, inkludert god planlegging og utnytting av operasjonsstovene.</li> </ol>
3R	<p>HMS er ein sjølvstøtt del av arbeidsdagen.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. HMS-strategi for føretaksgruppa Helse Vest er forankra og kjend for alle leiarar og medarbeidarar, og tiltak for å førebygge vald og truslar mot tilsette er sett i verk.</li> <li>2. Det blir lagt til rette for og utvikla ein god meldekultur der meldesystem for tilsetteskadar og uønskete hendingar, vald og truslar mot tilsette er kjent for alle leiarar og medarbeidarar.</li> <li>3. Talet på tilsetteskadar er redusert.</li> </ol>
4L	<p>Det er høgare vekst i kvart einskild føretak innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn for somatikk.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det skal vere høgare kostnadsvekst i psykisk helsevern enn i somatikk.</li> <li>2. Det skal vere høgare vekst i årsverk i psykisk helsevern enn i somatikk.</li> </ol>
5L	<p>Helse Førde utviklar «pasientens helseteneste» med god kvalitet, brukarmedverknad og heilskaplege pasientforløp.</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Forprosjektet til Nye Førde sjukehus er etablert med sterk forankring og kunnskap om driftsorganisasjonen, i kombinasjon med spisskompetanse frå Sykehusbygg HF.</li> <li>2. Program «Pasientens helseteneste» sine tenesteutviklingsprosjekt leverer avgjerdsgrunnlag innan fristane, som sikrar rett fokus og gjev konkrete føringar for utbyggingsprosjektet Nye Førde sjukehus</li> </ol>